

Saksnr 39/20	Utval Formannskapet	Møtedato 02.09.2020
72/20	Kommunestyret	22.10.2020

PLANSTRATEGI FOR STORD KOMMUNE 2020-2023

Framlegg til innstilling:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 10-1 vedtek kommunestyret planstrategi for Stord kommune 2020 – 2023 slik den ligg føre.

Saksprotokoll i Formannskapet - 02.09.2020

Innstilling

Med heimel i Plan- og bygningslova § 10-1 vedtek kommunestyret planstrategi for Stord kommune 2020 – 2023 slik den ligg føre med følgjande tillegg:

- 1) Kommunestyret vedtek at Stord kommune skal følgja opp Vestland fylkeskommune sine klimamål og bli nullutsleppskommune innan 2030. Kommunestyret bed om at denne målsetninga vert lagt til grunn ved rullering av kommuneplanen.
- 2) Kommunestyret bed om at rullering av kommuneplanen vert prioritert før andre planar.
- 3) Formannskapet bed om at det vert lagt fram ein revidert tidsplan for rulleringa i kommuneplanen i samband med andre budsjettrevisjon. Formannskapet bed rådmannen samstundes vurdera tiltak for å sikra raskast mogleg framdrift i kommuneplanarbeidet.

Handsaming

Første avsnitt: Samråystesvedteke
Pkt. 1: Tilrådd med 7 mot 2 røyster (FrP)
Pkt. 2 og 3: Samråystes tilrådd

* * *

Jakob Bjelland (Sp) kom med framlegg til pkt. 1-3 slik det ligg føre i innstillinga.

* * *

Sigbjørn Framnes (FrP) kom med følgjande framlegg:

Ein eigen sentrumsplan for Leirvik skal prioriterast i planstrategien.

Framlegget fekk 3 røyster (FrP og H)

Vedtak

Med heimel i Plan- og bygningslova § 10-1 vedtek kommunestyret planstrategi for Stord kommune 2020 – 2023 slik den ligg føre med følgjande tillegg:

- 1) Kommunestyret vedtek at Stord kommune skal følgja opp Vestland fylkeskommune sine klimamål og bli nullutsleppskommune innan 2030. Kommunestyret bed om at denne målsetninga vert lagt til grunn ved rullering av kommuneplanen.
- 2) Kommunestyret bed om at rullering av kommuneplanen vert prioritert før andre planar.

Handsaming

Samla plan vart samrøystes vedteke

* * *

Det vart først røysta punktvis:

Pkt. 1 vart vedteke med 29 mot 6 røyster (FrP og Linda Grundtvig UA) Mindretallet røysta for framlegget til FrP.

Pkt. 2. Samrøystes vedteke

Reinert Svanberg (FrP) kom med følgjande framlegg til pkt. 1 som fall:

Ein eigen sentrumsplan for Leirvik skal prioriterast i planstrategien.

Rådmannen, 19.08.2020

Dokumentliste

S 19.08.2020

Planstrategi

Vedlegg:

- 1 Planstrategi Stord kommune 2020 - 2023
- 2 Innspel til kommunal planstrategi for Stord kommune
- 3 Førespurnad om innspel til planstrategi for Stord kommune
- 4 Svar - innspel til planstrategi for Stord kommune
- 5 Uttale - Innspel til planstrategi for Stord kommune
- 6 Fråsegn - Stord kommune - Oppstart av arbeidet med kommunal planstrategi
- 7 Rullering av planstrategi - oppdatert versjon
- 8 Planstrategi-2020-FN-NorskFriluftsliv
- 9 Kommunal planstrategi - synspunkt frå Vestland fylkeskommune til kommunane i Vestland
- 10 Folkehelseoversikt og planstrategi

Innleiing (bakgrunn for saka)

Plan- og bygningslova § 10-1 slår fast at kommunane er pliktige til å utarbeide kommunal planstrategi minst ein gong i kvar valperiode og vedta den seinast eit år etter kommunestyret si konstituering. Framlegg til planstrategi vert her lagt fram for handsaming i formannskap og kommunestyre.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Arbeidet med planstrategien har vore forankra i rådmannen si leiargruppe, organisert som prosjekt i planavdelinga, med folkehelsekoordinator som prosjektleiar og samfunnsplanleggar som saksbehandlar.

Regelverket gjev føringar for utgreiingar og prosessar rundt utarbeiding av dei kommunale planstrategiane.

Kommunestyret vedtok planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel 20.06.2019, i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, jf. § 4-1. I arbeidet med planstrategien er det føresett at revisjonsarbeidet med kommuneplanen skal halda fram i samsvar med dei rammer og føresetnader som ligg i planprogrammet. På denne bakgrunn har kommunen avgrensa utgreiingsarbeidet, det er lagt vekt på at det vart gjort grundig sakshandsaming i samband med planprogrammet og at føresetnadene i kommunen ikkje har endra seg frå vedtakstidspunktet.

Folkehelseoversikta til grunn for arbeidet med planstrategien, den er utarbeida i samsvar med folkehelselova § 5-6 og inneheld statistikk og erfaringsskunnskap frå innbyggjarar og

tilsette. Det er innhenta synspunkt frå fylkeskommunen, nabokommunar, eigne tenesteeiningar og fagavdelingar, og sendt invitasjon til innspeil til følgjande aktørar:

- | | | |
|---|---|--|
| <ul style="list-style-type: none">• Stord næringsråd• Stord musikkråd• Sunnhordland amatørkulturråd• Stord eldreråd• Stord ungdomsråd• Stord råd for funksjonshemma• Stord idrettsråd | <ul style="list-style-type: none">• Sunnhordland fiskarlag• Stord-Fitjar turlag• Naturvernforbundet Hordaland• Bømlo og Stord bonde- og småbrukarlag• Fellesforbundet Stord• Utdanningsforbundet Stord• Kontaktutval for innvandrarar Stord | <ul style="list-style-type: none">• Fag forbundet Stord/Fitjar• Høgskulen på Vestlandet, avd. Stord• Statens vegvesen• Kystverket• Sør-Vest politidistrikt Sunnhordland interkommunale miljøverk |
|---|---|--|

Det er komme innspeil frå Vestlandet fylkeskommune, Bømlo kommune, Kystverket, Statens vegvesen, Fylkesmannen i Vestland og Norsk friluftsliv, desse er tatt omsyn til og ligg ved saka.

Vurdering

Planstrategi er eit politisk styringsverktøy det nye kommunestyret skal nytta for å klargjere kva for planoppgåver kommunen skal prioritera i valperioden for å møta kommunen sine utfordringar og behov. Planstrategien er retningsgivande for kommunen si planlegging, og skal sikra god utvikling av viktige område i kommunen og styrka utviklinga i dei einskilde sektorane, den har ingen direkte rettsverknad for innbyggjarane.

Det er i hovudsak opp til den enkelte kommune å bestemma kor omfattande og detaljert planstrategien skal vera ut frå dei behov som ligg føre. Sidan det ligg føre eit nyleg vedteke planprogram, er det lagt opp til at dei rammer og føresetnader blir vidareført i planstrategien. Det er viktig å sikra heilskap og førehandsvisse, og unngå utilsikta strategiendringar.

Økonomiske konsekvensar

Kommunestyret tek endeleg stilling til oppfølging av planstrategien i samband med rullering av årsbudsjett og økonomiplan. Det er gjennom budsjett og økonomiplan at planarbeidet blir prioritert og tildelt ressursar.

Planstrategien føreset at det i budsjett for 2021 må leggjast inn planmidlar arbeidet med kommuneplanen, kommunedelplan E30 Heiane – Ådland, plan for bygningsvern, kommunedelplan for kultur, temaplan for frivilligmelding, IKT-plan, plan for betre tverrfagleg innsats, rullering av hamneplanen, områdereguleringsplan for Frugarden/prosesjonsveg Stord kyrkje og kulturplanane. I tillegg må kommunen til ei kvar tid ha tilstrekkelege ressursar til å utføra deler av planarbeidet og gjennomføra planprosessane med eigne tilsette. Rådmannen vil her nemna at ein stor del av arbeidet med kommunedelplanen for Sagvåg og Litlabø er utført av konsulentar For å halda framdrifta med arbeidet med kommuneplanen vil bruk av konsulenttenester vera avgjerande, det er derfor naudsynt at det blir sett av tilstrekkelege løyvingar til dette. Kommunen skal ha brei medverknad i planprosessane, noko som er ressurskrevjande, samstundes som det gjev god vinning på sikt.

I tillegg er det føresett at planmidlar til kommunedelplan hamn vert løyvt over hamnebudsjettet og at planmidlar til kommunedelplan overvatn og trafikksikring vert lagt inn i budsjettet til Stord kommunalteknikk.

Det er vanskeleg å fastslå behovet for planmidlar fullt ut, men eit grovt overslag tilseier at det i 2021 må løvast 2 mill.kr i planmidlar for å få utarbeidd planane og gjennomført prosessane knytt til det. Rådmannen vil koma tilbake til finansiering i årsbudsjettet og økonomiplanen.

Konklusjon

Rådmannen rår til at planstrategien vert vedteken slik den ligg føre.

Plan for gjennomføring

Det følger av plan og bygningslova §10-1, 2 avsnitt at forslag til vedtak i kommunestyret skal gjerast offentleg minst 30 dagar før kommunestyret si handsaming.

Etter innstilling i formannskapet vil planstrategien bli gjort offentleg i minst 30 dagar før kommunestyret vedtek den 22.10.2020.